| Driftstiltak som er valde i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 | |
|---|---|
| **Kapittel: Politiske vedtak** | |
| **Tiltak** | **065: KS 93/21 tilskot/løyving til kontrollutval 2022** |
| Beskrivelse | Det er lagt inn 3 % prisauke på kontrollutvalet sitt opphavleg budsjett for 2021. Løyving til kontrolluvalet sitt arbeid inkludert revisjon for budsjett 2022 er på kr 822 939 og utgjer kr 153 089 meir enn prisauke. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| | Ansvar: Kontrollutval (1226) | | | | |
| **Sum utgifter** | **153 089** | **133 089** | **153 089** | **133 089** | **572 356** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **153 089** | **133 089** | **153 089** | **133 089** | **572 356** |

| **Tiltak** | **061: KS 47/21 Ny slektssoge** |
|---|---|
| Beskrivelse | Jamfør KS-vedtak 47/021 en 10.06.21 skal det i økonomiplanperioden settast av midlar til oppstart av revidering av slektssoge.<br><br>I 2008 gav Samnanger kommune ut boka Slektssoge for Samnanger kommune. Boka vart skriven av Svein Egil Kvale. KS-representant Arild Røen har stadfesta, i etterkant av kommunestyremøtet, at det er ønske om å lage ei ny slektssoge for Samnanger kommune, ikkje revidere den gamle.<br><br>Estimerte prisar:<br>Redaktør: ca kr 250 000 (basert på tidlegare kostnad og prisauke)<br>Omslagsdesign: ca kr 30 000.<br>Bok i trykk: ca kr 100 000 (bok 24x17 cm, ca 700 sider, 1000 opplag v. HG media)<br>E-bok: ca kr 35 000 (prisar for å gje ut e-bok varierar. Døme som vert tatt utgangspunkt i her er kr 50 per side, 700 sider til kr 35 000 v. Interfacemedia)<br><br>Konsulenthonorar vert fordelt på prosjektperiode på fire år, med eit oppstartshonorar i 2022. Kostnader med omslagsdesign og trykk vert lagt til siste året i prosjektperioden. Inntekter vil ikkje koma før etter boka er ferdig. Om boka kostar kr 400 (same pris som Slektssoge for Samnanger kommune hadde opphaveleg) og ein sel 2000 bøker tilsvarar det ei inntekt på ca kr 800 000, og ei reell inntekt over fleire år på ca kr 400 000. Med E-bøker har ein uendelig opplag av boka. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Kulturkontor (6300) | | | | |
| **Sum utgifter** | **10 000** | **70 000** | **70 000** | **235 000** | **385 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **10 000** | **70 000** | **70 000** | **235 000** | **385 000** |

| **Tiltak** | **048: KS 47/21 Tilskot til nydyrking (og gjenoppdyrking) og rydding av piggtråd** |
|---|---|
| Beskrivelse | Kommunestyret vedtok 10.06.2021 i sak 047/2021 (Premiss budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025) at det skal setjast av midlar til tilskot til nydyrking (og gjenoppdyrking) og rydding av piggtråd. Kommunestyret vedtok ikkje kor mykje midlar som skal setjast av.<br>Sak om ordning med kommunalt tilskot til nydyrking og redyrking vart handsama i kommunestyret 25.02.2021 (sak 021/2021). Det vart då vedteke at det skal utarbeidast ein langsiktig og heilskapleg landbruksplan for Samnanger kommune, og at dette skal leggjast inn som eit tiltak i 2022 i kommunen sin planstrategi. Det vart vidare vedteke i sak 021/2021 at i arbeidet med handlingsdelen av planen skal mellom anna innføring av kommunalt tilskot til redyrking og nydyrking vurderast. Det er truleg ikkje realistisk at landbruksplanen kan bli vedteken før i 2023. Rådmannen foreslår at det vert lagt inn midlar til tilskot til nydyrking, redyrking og rydding av piggtråd i 2024 og 2025. Det er vanskeleg å vurdera kor mykje midlar som bør leggjast inn, i og med at det ikkje er korleis ei eventuell tilskotsordning skal vera. Rådmannen foreslår at det blir lagt inn 50 000 kroner i 2024 og 2025, og at summen blir vurdert på nytt/justert når det er gjort vedtak om ei eventuell tilskotsordning. Når det gjeld tilskot til rydding av piggtråd, ser det ut til at styresmaktene også har opna for at SMIL-midlar kan brukast til dette (SMIL = spesielle miljøtiltak i jordbruket). Statsforvaltaren i Vestland skreiv 10.05.2021 følgjande om dette på nettsidene sine: Slik vi tolkar svaret frå statsråden, kan miljøinteresser og omsyn til ferdsel for ålmenta danne grunnlag for at kommunane kan prioritere fjerning av piggtråd i sine kommunale overordna retningslinjer for SMIL-ordninga. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Miljø (4103) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **50 000** | **50 000** | **100 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **50 000** | **50 000** | **100 000** |

| **Kapittel : Andre tiltak** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **063: Skattevekst som landsgjennomsnittet** |
| Beskrivelse | Skatteveksten i Samnanger har vore lågare enn landsgjennomsnittet. Dersom me leg til grunn ei skattevekst som for landet vil kommunen få inn kr 200 000 i auka skatt. NE |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Skatt og rammetilskot (9000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum inntekter** | **-200 000** | **-200 000** | **-200 000** | **-200 000** | **-800 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **-200 000** | **-200 000** | **-200 000** | **-200 000** | **-800 000** |

| **Tiltak** | **059: 1120 Kurspott leiaropplæring og felleskurs** |
|---|---|
| Beskrivelse | Utgifter til eksterne konsulentar ifm. leiaropplæring, felles kurs og nye verneombud.<br>Kurs og opplæringspotten skal nyttast til felles kurs og opplæring på tvers av einingane. Dette kan til dømes vera leiaropplæring, kurs/opplæring for tillitsvalte og verneombod (ikkje grunnkurs i arbeidsmiljø) og anna nødvendig kurs/opplæring for tilsette på tvers av fleire |

| | |
|---|---|
| | einingar.<br>Den skal og nyttast til økonomisk støtte til tilsette som tek utdanning som ikkje vert dekka av andre studie- eller stipendordningar. Til dømes dekke kurs-/utdanningsavgift eller mindre stipendbeløp. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Løn- og personal HR (1120) | | | | |
| **Sum utgifter** | **100 000** | **0** | **0** | **0** | **100 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **100 000** | **0** | **0** | **0** | **100 000** |

| **Tiltak** | **047: 9002 avsett til disposisjonsfond** |
|---|---|
| Beskrivelse | Inntekta frå sal av konsesjonskraft er forventa høg og i 2022. Det er lagt inn ei netto inntekt på 7 mnok i 2022 og 5 mnok pr år 2023-2025. Kommunen bør kunne sette av inntekt over 5 mnok til disposisjonsfond. NE |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002) | | | | |
| **Sum utgifter** | **2 488 797** | **4 207 464** | **2 426 890** | **121 089** | **9 244 240** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **2 488 797** | **4 207 464** | **2 426 890** | **121 089** | **9 244 240** |

| **Tiltak** | **069: 1210.1205 Utskifting av gamle PCar for tilsette 2022-2025** |
|---|---|
| Beskrivelse | I følgje IKTNH har styret (d.v.s. rådmennene i IKTNH) vedteke at IKTNH-kommunane ikkje skal ha PCar som er eldre enn seks år. Det verkar pr. d.d. ikkje heilt avklart kor bindande dette er for kommunane. I dette tiltaket er det brukt som utgangspunkt at Samnanger ikkje skal ha PCar som er eldre enn seks år (rekna frå produksjonsdato). Etter gjennomgang av PC-oversikt tilsendt frå IKTNH hausten 2020 ser det ut til at kommunen har ca. 20 tilsett-PCar (inkludert lærar-PCar) som vil vera eldre enn seks år i 2021 (produksjonsdato før 2015). Tilsvarande behov for utskifting i resten av økonomiplanperioden ser ut til å vera 22 PCar i 2022, 21 PCar i 2023 og 25 PCar i 2024. Det vil vera rom for å skifta nokre av desse PCane ved bruk av midlar frå det ordinære IKT-driftbudsjettet (for eksempel 5 stk pr. år). I dette tiltaket vert det foreslått midlar til nødvendig utskifting av PCar som ikkje kan finansierast over det ordinære IKT-driftsbudsjettet. Stk. pris pr. PC vil vera ca. kr. 6 500 (PC, dokking og ein ny skjerm for om lag halvparten av PCane som blir kjøpt inn. Antal PCar som er lagt inn i tiltaksbudsjetteringa er 14 stk i 2021, 17 stk i 2022, 16 stk i 2023 og 20 stk i 2024. PCar til tilsette kan ikkje førast som investering, sjølv om kostnaden kjem over 100 000 kroner. JEB 27.10.2020. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Felles IKT (1210) | | | | |
| **Sum utgifter** | **138 125** | **130 000** | **162 500** | **162 500** | **593 125** |
| **Sum inntekter** | **-27 625** | **-26 000** | **-32 500** | **-32 500** | **-118 625** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **110 500** | **104 000** | **130 000** | **130 000** | **474 500** |

| **Kapittel : Sektor for oppvekst** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **067: Barnehage og konsekvens av redusert tal born** |
| Beskrivelse | heilårseffekt av redusert tal born hausten 2022 gir redusert kostnad i 2023 på 2,2 mnok. I tillegg viser prognosane ytterlegare nedgang i talet på born 2024 og 2025, med antatt redusert kostnad på ca.1,5 mnok i forhold til 2023. Ressursane må kvart år tilpassast behovet . Utfordrinnga vert å organisere barnehagedrifta på ein slik måte at den er fleksibel og tilpassingsdyktig. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Barnehage (2000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **-2 211 002** | **-2 849 962** | **-3 744 506** | **-8 805 470** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **-2 211 002** | **-2 849 962** | **-3 744 506** | **-8 805 470** |

| **Tiltak** | **074: Skule og konsekvens av redusert tal born/ klassar.** |
|---|---|
| Beskrivelse | SSB sine prognosar visar redusert tal born dei neste åra. Økonomisk får dette først uttelling når dette påverkar tal klassar. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Skule og barnehage, felles (2000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **-508 315** | **-1 085 661** | **-1 242 549** | **-2 836 525** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **-508 315** | **-1 085 661** | **-1 242 549** | **-2 836 525** |

| **Tiltak** | **044: 2000 2016 Fast stilling barnehageadministrasjon** |
|---|---|
| Beskrivelse | Ny Lov om barnehage gjeldande frå 01.01.2021 gjev føringar for ulike ansvarsområde til barnehageeigar og barnehagemynde ( til dømes §10 og §14) med rettleiing, tilsyn, kvalitetsikre i tråd med lovverk mm. Det er ikkje kompetansekrav til utdanning som barnehagelærar, men ved tilsyn ol er det naudsynt for å ha erfaring og legimitet inn i oppgåva. Driva og samkjøra pedagogisk utviklingsarbeid i samarbeid med styrarane.<br><br>Kommunen har siden nyttår løyst det med å ha ein person som rådgjevar i 50% stilling med denne utdanning. Dette har fungert svært bra. Dette har inneværande år vore eit tiltak for ein tilsett med lang erfaring som pedagog frå barnehage. Sektorleiar oppvekst ser det som heilt naudsynt med denne kompetansen for å drifte arbeidet på ein fagleg forsvarleg måte. Tiltaket er satt opp med 60% stilling noko som tydar at organisering og ansvar for lærlingar vert lagt til denne stillinga. Her må det utarbeidast rutinar i vår kommune med digital oppgradering. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Skule og barnehage, felles (2000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **496 712** | **496 712** | **496 712** | **496 712** | **1 986 848** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **SUM NETTO TILTAK** | **496 712** | **496 712** | **496 712** | **496 712** | **1 986 848** |

| **Tiltak** | **007: 2040 Nye stoler til småbarnsavdelingane** |
|---|---|
| Beskrivelse | Stolane til dei minste barna er frå oppstart i 2008.Dei er umogeleg å reparere og er no veldig dårlege.<br>Nye tripp trapp stolar frå STOKKE kostar kr. 2997 pr.styk<br>Me treng 15 styk tilsaman kr 44 955 |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Dråpeslottet barnehage (2040) | | | | |
| **Sum utgifter** | **45 000** | **0** | **0** | **0** | **45 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **45 000** | **0** | **0** | **0** | **45 000** |

| **Kapittel : Eining for livsmeistring** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **075: 7100 Møteutgifter for barnevernsutvalet** |
| Beskrivelse | Kommunestyret har oppretta eit barnevensutval med fire medlemmer. Utvalet skal gje barnevernet råd i saker som kan førebyggja at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Utvalet kjem i funksjon ved at barnevernsleiaren vender seg til leiaren i barnevernsutvalet og ber om råd. Medlemmene i utvalet faktuerer kommunen for medgått tid. Samla kostnad per time vil truleg ligga på om lag 5 500 kroner til saman for alle fire utvalsmedlemmene.<br><br>Det er vanskeleg å forutsjå kor store utgifter det vil bli til barnevernsutvalet. Utgiftene vil truleg også variera frå år til år. Rådmannen foreslår at det blir budsjettert med midlar til fem møte per år med varigheit på to timar (10 timar per utvalsmedlem per år), midlar til for- og etterarbeid i samband med møte (5 timar per utvalsmedlem per år), samt ein sum til dekking av reiseutgifter (10 000 kroner til saman per år). Samla budsjettsum vil då bli 92 500 kroner per år. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Barnevern (7100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **92 500** | **92 500** | **92 500** | **92 500** | **370 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **92 500** | **92 500** | **92 500** | **92 500** | **370 000** |

| **Tiltak** | **016: 7100 Vidareføring av NAV-prosjekt : Vegen vidare** |
|---|---|
| Beskrivelse | Prosjektet  Vegen vidare vert avslutta ved årsiftet, jfr presentsjon i KO 21.10.2021. Prosjektet har i tre år vært finansiert av midler frå Statsforvalter og har vært ein suksess både for brukararne og økonomisk for kommunen.<br><br>NAV avdelinga ynskjer å vidareføre prosjektet Vegen vidare inn i ordinær drift i 60%, slik at tilsett si stilling vert 100%, (= fast stilling i arbeidskontrakt). |

| | |
|---|---|
| | Prosjektet har vist gode økonomiske tall, sosialhjelpa i kommunen er gått ned, slik at stillinga finansierer seg sjølv gjennom sparte midlar.<br><br>Sjølv om kommunen sparer betydelege beløp her og no på redusert utbetaling av sosialhjelp, så må ein ikkje gløyme det menneske aspektet som ikkje kan målast i kroner og øre. Det å få innpass i arbeidslivet gjev auka livsmestring og på sikt sparte utgifter ikkje berre i kommunen, men også i velferdssystemet generelt. NAV ynskjer derfor å vidareføre denne vellykka satsinga. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Sosialkontor (7200) | | | | |
| **Sum utgifter** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **970 832** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum netto** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **970 832** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **242 708** | **970 832** |

| **Tiltak** | **078: 7100 Midlar til juridisk bistand i barnevernssaker** |
|---|---|
| Beskrivelse | Det må truleg påreknast noko utgifter til juridisk bistand (advokatutgifter) for kommunen si barnevernsteneste, i samband med eventuelle saker som kjem opp i fylkesnemnda eller andre rettsinstansar. Det vert foreslått at å leggja inn 100 000 kroner årleg til dette i barnevernet sitt ordinære budsjett, og i tillegg setja av ein sum på ytterlegare 300 000 kroner. Forhåpentlegvis vil det ikkje bli behov for å bruka desse midlane, men det er ikkje berre opp til kommunen om det vil bli bruk for midlar til slik juridisk bistand. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Barnevern (7100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **300 000** | **300 000** | **300 000** | **300 000** | **1 200 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **300 000** | **300 000** | **300 000** | **300 000** | **1 200 000** |

| **Kapittel : Sektor for helse og omsorg** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **034: 3100 2543 Aktivitørstilling på Skottabakken** |
| Beskrivelse | Me trenger ein aktivitør på Skottabakken for dei funksjonshemma. Fleire av dei som bur der er relativt funksjonssvekka og trenger eit tilbod i nærmiljøet. Eg tenker at dersom me får opp å gå eit dagsenter, so kan me seie opp nokon VTA plasser. Me kan og mogleg ta inn på dagsenter frå andre kommuner og kan tjene på dette. J.D<br>Stillingsprosent 70 %, med oppstart ca. mai 2022. Fagarbeidarlønn. JEB |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Tenester for funksjonshemma (3100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **179 545** | **7 907** | **7 907** | **7 907** | **203 266** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **179 545** | **7 907** | **7 907** | **7 907** | **203 266** |

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 – 2025

| **Tiltak** | **053: 3110.2530 Vakant sjukepleiarstillingar - innsparing** |
|---|---|
| Beskrivelse | Vakant sjukepleiarstilling. Legger inn 70 % som sparing + 100 % med mindre lønskostnader. Det er ledig 4 vakante og 2 faste stillingar som er lyst ut mange gongar. Ser at me dessverre ikkje vil få søkjarar til alle stillingane. Må ha personale i vaktene, men dette blir assistenter med mindre løn. Utfordringa er at det er få sjukepleiarar tilbake, og desse må ha ansvar fleire plassar og må gå på topp og må ta inn ekstra folk i vaktene. Viktig å lysa ut stillingane innimellom pga manglande kompetanse og stor belastning på resterande sjukepleiarar. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Sjukeheim (3110) | | | | |
| **Sum utgifter** | **-787 290** | **0** | **0** | **0** | **-787 290** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **-787 290** | **0** | **0** | **0** | **-787 290** |

| **Tiltak** | **062: 3120 Omsorg+ - nytt tilbod i 1995-bygget på Samnangerheimen** |
|---|---|
| Beskrivelse | Kommunen ynskjer å gjere 95 bygget tilgjengeleg for utleige. Dette vil gje eit tilbud til dei som ynskjer plass på sjukeheimen, men som ikkje er så pleietrengande. kommunen vil få husleigeinntekter på ein del av bygget som står tomt pr i dag og vil og få innsparing på heimesjukepleie. Det er og vakanse på sjukepleiarstillingane som gjer at meir effektiv bruk av stillingar vil kome alle brukarane til gode. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Heimetenester (3120) | | | | |
| **Sum utgifter** | **-654 591** | **-654 591** | **-654 591** | **-654 591** | **-2 618 364** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum netto** | **-654 591** | **-654 591** | **-654 591** | **-654 591** | **-2 618 364** |
| Sted | Ansvar: Eigedom (4202) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum inntekter** | **-300 000** | **-360 000** | **-360 000** | **-360 000** | **-1 380 000** |
| **Sum netto** | **-300 000** | **-360 000** | **-360 000** | **-360 000** | **-1 380 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **-954 591** | **-1 014 591** | **-1 014 591** | **-1 014 591** | **-3 998 364** |

| **Tiltak** | **036: 3120.2540 Jakker til tilsette i heimetenesta** |
|---|---|
| Beskrivelse | Tilsette i heimetjenesta fekk jakker i 2018. Ettter sammenslåing og integrerte tjenester er et ein del tilsette som ikkje har jakker. Ønsker at alle tilsette skal få jakker til å bruke når dei er ute i heimetjenesta.J.D |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Heimetenester (3120) | | | | |
| **Sum utgifter** | **20 000** | **0** | **0** | **0** | **20 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **20 000** | **0** | **0** | **0** | **20 000** |

| **Tiltak** | **042: 3302, Pri 1. Mellombels ekstrastillingved helsetunet (korona)** |
|---|---|
| Beskrivelse | Koronapandemien har no vart lenge. Handteringa av pandemien har vore god, med høg kvaltet. Men det har kosta. Særs med tanke på personell som har blitt strekt langt, og har handtert pandemien på toppen av alle andre arbeidsoppgåver. Både helsesekretærar her på helse, men og jukepleiarane i ploms som har bidrege med testpersonale. Når helsesekretærane skal bidra inn mot mange andre oppgåver frå vaksiering, testing, henvending frå publikum, vert dei mindre tilgjengelege for fastlegane, som ikkje lengre får den sekretærkapasiteten som dei har krav på. Det er og sjukepleiarmangel på sjukeheimen, som gjer at det er utfordrande for dei å stille med personal til testing. Pandemien har i stor grad blitt handtert av allereie ansatt personal, samt med personal på tilrettelegging og pensjonist. No er tilrettelagd personal på veg tilbake til ordinært arbeid. Samtidig gjer styresmaktene det klart at kommunane framleis må halde oppe trykket med tanke på Pandemien, med blandt anna tilstrekkelig personale. Me ser det no som ei løysing å opprette ei 100% prosjekt stilling til dette, til dømes for tre månader om gangen. Pr dags dato har me personell som vil kunne ha ein slik stilling frå januar 2022.<br>K.A.T.B<br>Det er ikkje lagt inn auka tilskot til meirarbeid i 2022, men signal er at noko vil bli finansiert, NE |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Legeteneste (3302) | | | | |
| **Sum utgifter** | **422 170** | **0** | **0** | **0** | **422 170** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum netto** | **422 170** | **0** | **0** | **0** | **422 170** |
| Sted | Ansvar: Skatt og rammetilskot (9000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum inntekter** | **-400 000** | **0** | **0** | **0** | **-400 000** |
| **Sum netto** | **-400 000** | **0** | **0** | **0** | **-400 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **22 170** | **0** | **0** | **0** | **22 170** |

| **Tiltak** | **051: 3303.2414 Ergoterapeut (50 prosent stilling)** |
|---|---|
| Beskrivelse | Pålagt tenete frå 2021 . Alle kommunar skal ha ein ergoterapaut.<br>Stor pågang frå spesialisthelsetenesta.<br>Legg inn ønske om fast 50 % stilling. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Fysioterapi (3303) | | | | |
| **Sum utgifter** | **447 272** | **447 272** | **447 272** | **447 272** | **1 789 088** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **447 272** | **447 272** | **447 272** | **447 272** | **1 789 088** |

| **Tiltak** | **068: 3110.2530 Sal av sjukeheimsplassar** |
|---|---|
| Beskrivelse | Kommunen har i 2021 selt to sjukeheimsplasser til Bjørnafjorden kommune. Me har avtale om sal ut 2021. Inntekta i 2021 vil bli om lag 2 000 000 kroner. Det er usikkerheit knytt til inntekter |

| | |
|---|---|
| | for sal av sjukeheimsplassar i 2022, mellom anna fordi prosjektet med statleg finansiering av sjukeheimesplassar som Bjørnafjorden er med i, er planlagt avslutta ved utgangen av 2021. Rådmannen har likevel valt å budsjettera med same inntekt i 2022 som i 2021, sjølv om dette er svært usikre tal. Det vert vidare foreslått å redusera budsjettert inntekt til 1 000 000 kroner i 2023. I 2024 og 2025 er det ikkje budsjettert med inntekter for sal av sjukeheimsplassar. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Sjukeheim (3110) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum inntekter** | **-2 000 000** | **-1 000 000** | **0** | **0** | **-3 000 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **-2 000 000** | **-1 000 000** | **0** | **0** | **-3 000 000** |

| **Kapittel : Sektor for samfunnsutvikling** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **035: 4000.3251. Tilskot til reguleringsplan for Marina i Rolvsvåg (2023)** |
| Beskrivelse | Det er ønskje og eit behov om å få etablert Båtmarina i Rolvsvåg. I kommuneplanen er det sett av eit område til dette formålet, og kommunen står som eigar for store delar av arealet. Leiar i båtforeininga og kommunestyremedlem Karl Kolbotn har teke kontakt med TF med ønskje om få få realisert dette. Det er nødvendig å få utarbeidd ein reguleringsplan for tiltaket. TF ser det som ein fordel at det vert starta ei båtforeining som kan stå for ein privat plan, der kommunen løyver eit tilskot frå næringsfondet til reguleringsarbeidet. Plankostanden kan stipulerast til omlag 300.000 kroner. Pri:2023 |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Næring og landbruk (4000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **300 000** | **0** | **0** | **300 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **-300 000** | **0** | **0** | **-300 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

| **Tiltak** | **045: 4000.3251 Vidareutvikling av Rolvsvåg industriområde (2022)** |
|---|---|
| Beskrivelse | Rolvsvågindustriområde nedre del kan utvikles og tilrettelggasts for td sjøbasert næringsverksemd. Dette har vert lånt ut til private som har drevet vedhogst. Denne er opphørt og området bør verte vurdert til anna næringsverksemd. Industriområdet øvre del bør og etablerast ein plan for og marknadsførast. Finansiering for plan og mindre tilrettelegging/opprydding kr. 100.000. Ev framtidig bruk og kjøp kjem som eiga sak. Revisjon reguleringsplan - 2023/24 |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Næring og landbruk (4000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **100 000** | **0** | **0** | **0** | **100 000** |
| **Sum inntekter** | **-100 000** | **0** | **0** | **0** | **-100 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 – 2025

| **Tiltak** | **025: 4100.3010 - Acos eigedom - bygge, plan og delesaksmodul** |
|---|---|
| Beskrivelse | ACOS Eiendom med arbeidsflyt erstatter tidligere Bygge-, Plan- og Delesaksmodul med saksprosess. I IKTNH handsamar dei fleste kommuner byggesaker og eigedommar i dette systemet. Etablering etter standard koste Kr 223 080. Pluss opplæring 85.000 kr. Dette er kostander for både Gulen og Samnanger. For Sk utjger det ein kostnad på kr. 154.040.<br>Det vil ha ein årleg linsen kostnad somallereie ligg i IKTNH sine overføringer. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Stab teknisk forvaltning (4100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **154 040** | **0** | **0** | **0** | **154 040** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **154 040** | **0** | **0** | **0** | **154 040** |

| **Tiltak** | **029: 4100.3010- konsulent -Masseoverskotsplan -(2022)** |
|---|---|
| Beskrivelse | Det hastar med å få på plass ein Masseoverskotsplan for Samnanger. I samband med planlagt veg- og tunnelbygging i Tokagjelet, E-16 og No krafla - kabel til Nordsjøen er det mange spørsmål om kor Samnanger kan ta i mot masseoverskot/deponi. Vi ønskjer difor å få laga ein plan der kommune har teke sstiling til dette og fått konsekvensutgreidd lokaliseringa. Planen vert utarbeid med konsulenthjelp ca 200.000 kroner. HLV<br>Finansiering frå næringsfondet. NE |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Stab teknisk forvaltning (4100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **200 000** | **0** | **0** | **0** | **200 000** |
| **Sum inntekter** | **-200 000** | **0** | **0** | **0** | **-200 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

| **Tiltak** | **024: 4100.3010. Reguleringsplan Bjelkavika - bustadutvikling (2022/2023)** |
|---|---|
| Beskrivelse | I 2022 bør kommunen starte med å vidareføre og regulere bustadområdet - Bjelkavika. Det er etterkvart behov for å vidareutvikle nye bustadområde i kommunen.. Reguleringa bør skje i ei form for samarbeid med ein utbyggarar, der SK ivaretek infrastruktur og bustadsosiale behov. Bustadområdet ligg tett opptil Lauvskar og reguleringsplanen for Bjørkheim. Planen bør og ta opp i seg om det er behov for offentlege areal til td. 50+ bustader,framtidig skule, fleirbrukshall el. som og bør inngå i reguleringsplanen. Reguleringplanen må settast ut til konsulentar. kr 400.000-600.00 avhengig av ev medfinansiering frå utbyggarar. Kan komme igang hausten 2022, og ferdig i 2023 |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Stab teknisk forvaltning (4100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **200 000** | **300 000** | **0** | **0** | **500 000** |
| **Sum inntekter** | **-200 000** | **-300 000** | **0** | **0** | **-500 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 – 2025

| **Tiltak** | **023: 4100.3010. Konsulentstilling Samfunnsutvikling (100 prosent fast)** |
|---|---|
| Beskrivelse | Kommunen er pålagt å ha utarbeid samfunnsplan, arealplan og planstrategi i løpet 4-årige valperioden. Arbeidet med samfunnsplan er starta no hausten 2021. Vi deltek i ei prosjektnettverksgruppe bestående av både politikarar og administrasjon. I 2022 vil det vert nødvending med eige budsjett for dette arbeidet, opplæring politikarar, profilering og medvirkning. Det er behov for å å auke opp med ressursar på alle planområda dersom vi skal kunne gjennomføra framdrifta for pålagt planarbeid. Samfunnsplanen vil ta opp si seg både klimaplanen, næringsplan, sektorplanar og bustadsosialplan. Det er behov for ekstern konsulent til noko av prosessen, skrivearbeidet og layout. Interne ressursbehovet er 400.000 + 100.000 til ekstern konsulenthjelp/opplæring og samlingar.<br>I 2023 og 2024 vil det verte behov for 400.000 interne ressursauke og 200.000 til ekstern hjelp/konsvensutrednng til arealplanen og ROS-analyse, fordelt på to år.<br><br>I 2025 vert arbeidet med planstrategi og opplæring nye folkevalte eit viktig arbeid.<br><br>På teknisk forvaltning er det ikkje ledig kapasietet hos dei tilsette til å arbeide på kommuneplanar, trafikksikring eller følgje opp reguleringsplanar utan at det går sterkt utover andre daglege driftsoppgåver på vatn-, avløp- og vegområdet, beredskap, ROS-arbeidet og Miljø- og forureiningsoppgåver.<br>Planar som pågår:<br>Akvakulturplan 2021- ferdig 2022<br>Områdereguleringsplan Bjørkheim og Mulighetstudiet 2021- ferdig 2022<br>Samfunnsplanen 2021/22<br>Trafikksikringsplan prosjektnummer 2022/23<br><br>Framtidige planar i 2022-2025:<br>Masseoverskotsplan hastar 2022<br>Arealplanen 2023/24 siste periode til noverande kommunestyre<br>Planstrategi 2024/25 umiddelbart oppstart etter ny konstituering av kommunestyret<br>Reguleringsplan Ytre-Tysse -revisjon 2022/23<br>Reguleringsplan Eikedalen gang og sykkelveg ny avh av tunnell Tokagjelet<br>Reguleringplan Industriområdet i Rolvsvåg revisjon 23/24<br>Beredskapsplan -revisjon 2023<br>Reguleringsplan bustader Bjelkavika 2022/23- samarbeid med utbyggar<br>Reguleringsplan Marina Rolvsvåg -forslag om tilskot til båtlag frå Næringsfondet til utarbeide planen. 2023 |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Stab teknisk forvaltning (4100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **552 817** | **875 606** | **875 606** | **875 606** | **3 179 635** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **552 817** | **875 606** | **875 606** | **875 606** | **3 179 635** |

| **Kapittel : Eining for innbyggjarservice** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **031: 6100 Konsulentstilling/IKT-kontaktstilling servicesenteret (100 prosent fast)** |
| Beskrivelse | Behovet for å auke den totale stillingsprosenten ved servicesenteret har vore stort i fleire år. Med kontaktsenterprosjektet i drift og etter kvart mange ekstra arbeidsoppgåver er det ikkje lenger mogleg å driva avdelinga på ein forsvarleg måte med noverande bemanning. Arbeidspresset på dei tilsette har over tid vore stort og aukande.<br><br>Det er også stort behov for å få på plass nødvendig stillingsressurs som IKT-kontakt/koordinator. Stillingsressurs på 50 % vart oppretta i budsjettet i samband med at kommunen gjekk inn i IKT Nordhordland, men vart omdisponert til nødvendig stillingsauke i HR-avdelinga. Det er framleis stort behov for ein stillingsressurs som IKT-kontakt, mellom anna for å ha ein person i kommunen som kan vera kontaktpunkt mot IKTNH og ha ansvar for intern koordinering av ulike IKT-prosjekt som kommunen deltek på. Gjennom medlemsskapet i IKT Nordhordland deltek kommunen til ei kvar tid på ei rekke IKT-prosjekt, og det har vore ei stor utfordring av det ikkje er nokon som har kapasitet til å koordinera slike prosjekt internt i kommunen. Det vil vera naturleg at denne stillinga ligg til servicesenteret, og at den blir kombinert med andre oppgåver ved servicesenteret.<br><br>Dette tiltaket inneber at det til saman blir oppretta ei ny fast 100 % stilling ved servicesenteret.<br><br>Teksten her må skrivast om. legg inn lønn frå mai 2022, årslønn 525 000.NE |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Servicesenteret (6100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **467 810** | **701 715** | **701 715** | **701 715** | **2 572 955** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **467 810** | **701 715** | **701 715** | **701 715** | **2 572 955** |

| **Tiltak** | **033: 6100 Digitalt utstyr møterom kommunehuset** |
|---|---|
| Beskrivelse | Oppgradering av kommunestyresalen og formannskapssalen. Nytt streamingutstyr til møterom/ skjermar og høgtalarar.<br>MS 29.09.2021 |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Servicesenteret (6100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **87 500** | **0** | **0** | **0** | **87 500** |
| **Sum inntekter** | **-17 500** | **0** | **0** | **0** | **-17 500** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **70 000** | **0** | **0** | **0** | **70 000** |

| **Tiltak** | **018: 6300 Frivilligsentral - kommunal eigenandel frå 2023** |
|---|---|
| Beskrivelse | For 2022 vert frivilligsentralen tatt ut av konsekvensjustert budsjett, og lagt til som driftstiltak. Fram til 2021 har kommunen mottatt rammetilskot med særskild fordeling til frivilligsentralar. Kommunen har ikkje betalt noko i eigendel. I 2021 er tilskotet øyremerka, på kr 440 000. |

| | |
|---|---|
| | Tilskotet vert også øyremerak i 2022, og vidareført på same nivå som i 2021, men med priskompensasjon på 2,5 %. For 2022 kan me venta eit tilskot på kr 451 000, og det er per no ingenting som tilseier at kommunen skal ha utgifter med frivilligsentralen i 2022.<br><br>Frå og med 2023 er det krav om eigendel på 40% av totale driftskostnader for frivilligsentralen. Dersom me vert innvilga kr 440 000 i tilskot vil det sei ein eigendel på kr 176 000, og totalt driftsbudsjett vert kr 616 000. Det må takast stilling til om frivilligsentralen i Samnanger skal halda fram.<br><br>Det er behov for frivilligsentralen i Samnanger, og aktivitetsnivået tilseier at det er behov for auka ressursar. Det vert difor lagt inn framlegg til driftstiltak f.o.m 2023 på 30% stillingsauke.<br><br>I Samnanger blei frivilligkoordinator tilsett i 50 prosent stilling i 2018. Frivilligkoordinator har gjort ein svært god jobb med å utvikla sentralen, med omsyn til sentrale føringar og lokale behov. Tilboda i frivilligsentralen er mykje brukt. Frivilligsentralen er eit viktig formidlingspunkt mellom frivillige og dei som ønskjer litt støtte og hjelp. Frivilligsentralen er og ein viktig samarbeidspart for frivillige lag og organisasjonar, og dei ulike avdelingane i kommunen. Gjennom sitt engasjement har frivilligkoordinator søkt- og fått tilskot til mange prosjekt, som kjem innbyggarane til gode. Fleire tilskotsordningar er opne for at frivilligsentralar kan søka om tilskot, men kommunar kan ikkje. Sjølv om frivilligsentralen i Samnanger er kommunal kan altså frivilligsentralen søka tilskot, som t.d. kulturkontoret ikkje kan søka om.<br><br>Biblioteket er ein mykje brukt møteplass for frivillige lag og organisasjonar, men har hatt svært lite utgifter til utstyr og inventar - som ein treng for utlån av lokala og for at biblioteket skal vera ein møteplass for alle. Til dette er det i stor grad frivilligsentralen har skaffa inntekter, gjennom ulike tilskotsordningar. Frivilligsentralen har og skaffa midlar til å fullfinansiera meirope bibliotek i Samnanger kommune. |

| | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Kulturkontor (6300) | | | | |
| **Sum utgifter** | **451 000** | **616 000** | **616 000** | **616 000** | **2 299 000** |
| **Sum inntekter** | **-451 000** | **-440 000** | **-440 000** | **-440 000** | **-1 771 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **176 000** | **176 000** | **176 000** | **528 000** |

| **Kapittel : Fleirbrukshall/ idrettshall** | |
|---|---|
| **Tiltak** | **066: Auka inntekt frå eigedomsskatt** |
| Beskrivelse | Kommunen har differensiert sats på næring og hus/ hytter. Næring ligg med 7 promille og kan ikkje aukast. På hus/hyttter er satsen 2,8 promille. Kommunen kan auke den med 1 promille opp til maks 4. For 2021 vert inntekta på om lag 5,4 mnok. Ei auke på 1 promille gir ytterlegare 1,9 mnok i inntekt frå eigedomsskatt. For å nå maks sats på 4 promille i 2025, må satsen aukast med 0,2 promille i 2024. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Skatt og rammetilskot (9000) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **-400 000** | **-2 300 000** | **-2 700 000** |
| **Sum netto** | **0** | **0** | **-400 000** | **-2 300 000** | **-2 700 000** |
| Sted | Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **400 000** | **0** | **400 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum netto** | **0** | **0** | **400 000** | **0** | **400 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **-2 300 000** | **-2 300 000** |

| **Tiltak** | **071: Avdrag og renteutgifter fleirbrukshall/idrettshall** |
|---|---|
| Beskrivelse | Dersom kommunen byggjer fleirbrukshall/idrettshall i 2024 (jf. kommunestyrevedtak 10.06.2021 i sak 047/2021), vil det bli utgifter til betaling av avdrag og rente på lån, truleg frå og med 2025. Kostnadsoverslag for hallen er per oktober 2021 frå ca. 80 til ca. 88 millionar kroner.<br>Låneopptak i samsvar med framdriftsplan frå ABO. Renta på lånet vert i byggjeperioden ført som del av investering. Kommunen må forskottera forventa tilskot og utbetalinga av tilskot vil bli nedbetalt på lån i 2025. Prognose på renteutvikling frå Kommunalbanken vert brukt. Renta som er brukt er 2022 er i 1,81 %, 2,35% 2,6 % og 2,65 % i 2025. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Renter og avdrag (9001) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **4 226 000** | **4 226 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **4 226 000** | **4 226 000** |

| **Tiltak** | **072: 4202.3860 Driftsutgifter fleirbrukshall/idrettshall** |
|---|---|
| Beskrivelse | Ny fleirbrukshall/idrettshall (jf. kommunestyrevedtak 10.06.2021 i sak 047/2021) vil medføra driftsutgifter (reinhald, vedlikehald, straum, forvaltning/administrasjon m.m.). ABO estimerere dei årlege driftsutgiftene til å vere på om lag 2,47 mnok . Då er det lagt inn kr 195 000 i forvaltningskostnader (forsikring, eigedomsleiing og adm), kr 620 000 til drifts- og vedlikehaldskostnader, kr 474 000 til utskifitings- og utviklingskostnader, kr 480 000 til forsyningskosntader (straum, kom.avgifter, renovasjon mm) og kr 700 000 til reinhald.<br><br>Det bør takast stilling til om driftsutgifter skal dekkast inn gjennom betaling for bruk av hallen, og i så fall kor stor del av driftsutgiftene som skal dekkast inn på denne måten. Dette vil det kunne sjåast meir på i prosjektfasen, for å koma fram til meir sikre tal.<br><br>I dette tiltaksforslaget er det lagt inn ABO sitt estimat på kr 2 469 000 i årlege driftsutgifter og kr 500 000 i årlege driftsinntekter. Av praktiske årsaker er driftsutgiftene i dette tiltaket ikkje fordelt på konti/utgiftstype, men lagt inn som ein samla sum. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Eigedom (4202) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **2 469 000** | **2 469 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **-500 000** | **-500 000** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **1 969 000** | **1 969 000** |

| **Tiltak** | **076: Redusert drift** |
|---|---|
| Beskrivelse | Drifta må rduserast for å kunne betale rente , avdrag og driftskostnader på fleirbrukshallen/ idrettshallen. Det er allereie lagt inn redusert utgift på barnehage og skule som gjeld forventa reduksjon i tal born. Det må arbeidast med kor ytterlegare reduksjon kan gjerast. |

| | **2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sted | Ansvar: Rådmann (1100) | | | | |
| **Sum utgifter** | **0** | **0** | **0** | **-3 895 000** | **-3 895 000** |
| **Sum inntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **SUM NETTO TILTAK** | **0** | **0** | **0** | **-3 895 000** | **-3 895 000** |